

Bibliotek i vidaregåande skule

Frå og med statistikkinnsamlinga for 2007 vart det praksis å be alle skular, også dei som ikkje har eige skulebibliotek, om å sende inn opplysningar om bibliotektilbodet til elevane. I 2010 fekk Nasjonalbiblioteket svar frå 421 av 454 skular. Det utgjer ein svarprosent på nær 93. Skulane som ikkje har svart, er i all hovudsak privatskular.

50 skular har opplyst at dei ikkje har hatt eige skulebibliotek i rapporteringsåret. Dei fleste av desse er privatskular.

Dei 371 skulane som inngår i datagrunnlaget, femner om lag alle offentlege skular som har bibliotek, i tillegg til nokre privatskular.

Utgiftene til innkjøp av bøker og andre medium var på 29,4 millionar kroner, som svarar til om lag 163 kroner per elev. Det er same kronebeløp som i 2009, men reelt sett er det ein nedgang på 2,5 prosent når prisstigninga er rekna med. Talet på bøker per elev i skulebiblioteka sine samlingar viser ca 18 bøker per elev, ei svak auke frå 2009. Talet på andre medium per elev er framleis aukande, med ca 16 prosent auke frå 2009 til 2010. Talet på avisabonnement har gått ned med 8 prosent frå 2009 til 2010. Totalt tal på medium ligg på om lag same nivå som i 2009. Ein skal vere merksam på at gjennomsnittstala skjuler store skilnader mellom skulebiblioteka.

Det totale utlånet ved skulebiblioteka ligg på nær 1.1 millionar, noko som svarar til 6 utlån per elev, ein liten nedgang frå 2009.

Bokutlånet er på 753 000 og svarar til 4 bøker per elev. Dette er om lag på same nivå som i 2009. Bokutlånet utgjer 69 prosent av totalutlånet. Skjønnlitteraturen sin del av bokutlånet har gått ned til 42 prosent av totalt bokutlån mot 48 prosent av totalt bokutlån i 2009. Utlån av skjønnlitteratur har gått ned med 15 prosent frå 2009 til 2010, medan utlån av faglitteratur har økt med 10 prosent i same perioden. Her må ein vere merksam på at enkelte skular har teke med pensumbøker i tala for fagbokbestanden. Dette kan nok forklare noko av auken.

Sjølv om bokutlånet framleis står for størstedelen av utlånet, har andre medium fleirdobla sin del av utlånet gjennom dei siste 10 åra, frå ca 10 prosent av totalutlånet til ca 31 prosent av totalutlånet.

I 2010 hadde 90 prosent av biblioteka ved vidaregåande skular katalogen tilgjengeleg på Internett.

Av dei tilsette i skulebiblioteka ved dei vidaregåande skulane hadde 280 full bibliotekarutdanning, og i gjennomsnitt hadde kvar skule om lag 24 bibliotekartimar per veke til sitt bibliotek. Her skal ein vere merksam på at det er store skilnader mellom skulane, noko som og viser seg på fylkesnivå. Medan ein i Vestfold i gjennomsnitt har fagutdanna bibliotekarar ved skulen om lag 53 timeverk i veka, har ein i Nord-Trøndelag om lag 5 timar med fagutdanna bibliotekar per skule per veke. Om ein ser på dei totale personalressursane som går til bibliotekararbeid, er skilnadene ikkje så dramatiske sjølv om det er store skilnader her og.